



Nordhordland Vedlikehold Ørjan Einmo  
Sæbøvågen 44  
5938 Sæbøvågen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4047 - 23/37773

Saksbehandlar:  
Marie Victoria Rekdal Skogrand  
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:  
15.05.2023

## **Varsel om stadleg kontroll etter søknad om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket 2023**

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket i mars 2023.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysingane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon. Ein del av føremålet med kontrollen er og å informera om gjeldande lovar og reglar samt rettleiing og opplysing om gjeldande produksjon. Søkar av tilskot har plikt til å gje dei opplysningar som kommunen finn nødvendig for å kunne forvalte tilskotsordninga.

Rundskriv 2023/10 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år. **Vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til stadleg kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

### **Kontrollen vil omhandla:**

- **Stadleg kontroll av vilkåret om at søkar må drive vanleg jordbruksproduksjon**
- **Kontrollen gjeld saueproduksjonen**

Eit grunnleggande vilkår for å kunne motta produksjonstilskot er at søkar driv «vanleg jordbruksproduksjon». Vanleg jordbruksproduksjon på sau er i hovudsak at kvart dyr som ein søkar produksjonstilskot på skal ha ein viss avdrått. Det gjeld då slakteleveransar, livdyrsal eller sal av ull og skinnfellar. Føretaket er tatt ut til kontroll grunna låge slaktevekte og/eller låg slakteklasse på lam i 2022. Ved lågare slaktevekte enn 70% av landsgjennomsnittet for den aktuelle rasen eller om det er låg slakteklasse skal kommunen vurdere om vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon er oppfylt.

Vi foreslår følgande til tidspunkt for kontroll:

**Fredag 26.mai kl 11:30**

Det er høve til å endre dag/ tidspunkt om det ikkje passar. Vi ber om **tilbakemelding på om oppsett tidspunkt passar eller ikkje**, seinast innan fredag 5. mai, til avdelingsleiar Laila Bjørge på e-post [laila.bjorge@alver.kommune.no](mailto:laila.bjorge@alver.kommune.no) eller tlf 45 37 52 29.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast.

- Innehavar eller annan person som forplikter føretaket skal være til stede under kontrollen. Du har rett til å ha eit vitne til stede under kontrollen om du ynskjer det.
- Du har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå du mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen kan de kontakte underteikna eller Laila Bjørge.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Nordhordland Vedlikehold Ørjan Einmo Sæbøvågen 44 5938 Sæbøvågen

**Mottakarar:**

Nordhordland Vedlikehold Ørjan Einmo Sæbøvågen 44 5938 Sæbøvågen